



HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr 200306858	Dok.nr. 49
- 7 APR. 2004	
Arkivnr. 027	Saksh. M70R
Eksp.	
U.off.	

Stortingets Samferdselskomitee
v/leiar Petter Løvik
Karl Johansgt. 22
0026 Oslo

Kinsarvik 05.04.04.

Uttale frå Årsmøte i IS Fjordvegen - Rv 13.

Innleiing.

Interesseselskapet Fjordvegen har som målsetjing å jobba for utvikling av den indre transportkorridoren på Vestlandet, Rv 13. Denne vegen går frå Sandnes i Rogaland, gjennom Ryfylke, Hardanger, Voss, Vikafjellet og midtre Sogn til Moskog/Førde i Sunnfjord. Heile dette området har store utfordringar med folketals- og næringsutvikling i tapt terreng med Kyst-Noreg sin marine tiltrekningskraft. Kommunane og næringslivet langs denne indre korridoren er samde om at nøkkelen til ny næringsutvikling og -optimisme ligg i eit tenleg vegnett. Rv 13 er pulsåra gjennom området. Fjordvegkonferansen 2004 i Stavanger 29.-30.03.04 understreka også dette. Me vil samtidig nytta høve til å takka for at alle gruppene i Samferdselskomiteen var tilstades under konferansens første dag og i debatten. Det gav god innsikt og dialog for alle partar.

Uttalen:

Årsmøtet 2003 i IS Fjordvegen 29.03.04 i Stavanger, vedtok slik uttale i samband med NTP 1006-2015 som komiteen skal handsama i vår:

"IS Fjordvegen ber Stortingets samferdselskomitee i NTP 2006-2015 bidra til utviklinga av Rv 13, den indre transportkorridoren på Vestlandet. Det er også nøkkelen til ny næringsutvikling i dette området.

Årsmøtet ønskjer at Komiteen tek inn formuleringar og legg inn auka midlar i NTP og ber om følgjande:

- 1. Positivt vedtak om bygging av Hardangerbrua.*
- 2. Positivt vedtak om oppstart av Ryfast med Ryfylkepakken i tråd med framdriftsplanane.*
- 3. At ramma for øvrige riksvegar vert auka og at Indre Vestlandet må få sin del av ramma i 10-årsperioden for å realisera behova langs RV 13.*
- 4. Auka prioritering av flaskehalsutbetring med gul midtstripe.*
- 5. At Turistveginvesteringane vert gjennomførte etter godkjente planar.*
- 6. Monaleg auka midlar til rassikring i 10-årsperioden. Fjordvegen forventar at Rv 13 vert tilført minst 80 mill kroner av dette årleg. "*

Med helsing

Einar Lutro/s
Årsmøteleiar

Leiv Vambheim
sekretær

Kopi til

Medlemmene i Samferdselskomiteen

Vestlandsrådet

Medlemmene og styret i IS Fjordvegen vedlagt Årsmøteprotokollen.